



Sjur Kristoffer Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 274 A
5994 VIKANES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1356 - 19/17169

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

06.06.2019

Tilbakemelding etter møte - gbnr 246/15 Nipo

Tidspunkt: 31.05.2019 kl. 09.00

Møtedeltakarar: Sjur Dyrkolbotn (seljar) og Signhild Dyrkolbotn (kjøpar)
Tommy Veland og Anne Lise Molvik frå Lindås kommune

Føremål: Klarleggja kva areal søknaden om arealoverføring frå gbnr 246/15 til gbnr 247/10,15 omfattar.

Søknaden sitt omfang

Saka gjeld arealoverføring av del av gbnr 247/1 og del av gbnr 246/15 til gbnr 247/10,15. Då det skal overførast areal frå to ulike grunneigedomar må det sendast inn ein søknad for kvart areal som skal overførast. Arealoverføringa skal skje til gbnr 247/10,15.

Geodata –avdelinga har utarbeidd nye situasjonskart i etterkant av møtet. Desse følgjer vedlagt. Dersom søkjar finn at areala som er planlagt overført til gbnr 247/10,15 er korrekt slik dei går fram av situasjonskarta, vil desse verta lagt til grunn for handsaminga av søknadane dersom søkjar returnerer desse til kommunen.

Vi har i etterkant av møtet lagt saka fram for landbruksavdelinga som har gjeve tilbakemelding om at areala må overførast til ein landbrukseigedom med bustad og landbruksbygg. Som følgje av dette må mottakareigedomane gbnr 247/10 og 247/15 samanføyast før arealoverføring kan skje.

Søknaden som no ligg føre omfattar berre arealoverføring frå gbnr 246/15, sjå søknadsskjema. Det må sendast inn ny søknad om arealoverføring frå gbnr 247/1 med kart. Tiltaket treng ikkje nabovarslast på ny då det i varselet er gjort greie for at søknaden gjeld både gbnr 246/15 og 247/1. Sjø elles eige avsnitt om nabovarsel.

Det må sendast inn kort utgreiing i forhold til eksisterande og ny bruk av areala som skal overførast, samt framtidig bruk av restareala på gbnr 246/15 og 247/1.

Kart som viser parsellane som skal overførast.

Post


postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Planstatus

Areala som skal arealoverførast ligg i hovudsak innanfor kommuneplanen sin arealdel der areala er avsett til LNF-føremål. Delar av parsellane ligg innanfor reguleringsplanen for E39 Gamlesæter – Nipetjorn. Arealoverføringa skal skje i samsvar med gjeldande planstatus.

Nabovarsel

Ved gjennomgang av gjennomført nabovarsling, i etterkant av møtet, ser vi av mottatt kvittering for nabovarsel at eigedomen gbnr 217/2 ikkje er varsla. Sjå vedlagte naboliste til parsellen gbnr 246/15 for kontaktinformasjon om heimelshavar. Det må dokumenterast at gbnr 217/2 er varsla før kommunen kan handsama søknaden.

Andre forhold

Det vart tatt opp i møtet eigarforhold til gamal kommunal veg, og avtale om at tilbakeføring av denne til grunneigar. Grunneigar sender avtale til geodata-avdelinga ved Tommy Veland som føl opp dette i eiga sak.

Gebyr

Det vil verta fakturert gebyr for handsaming etter Plan- og bygningslov, jordlov og matrikkellov.

Førebels vurdering av gebyr. Gjeld per søknad.

10.4.2	Oppretting av ny grunneigedom i samsvar med	Kr 7 500,-
--------	---	------------

	arealføremål	
13.3.1	Basisgebyr for arealoverføring	Kr 13 450,-
13.3.2	Fast arealtillegg	Maks kr 15 500,-
15.2.1	Delingssak etter jordlova	Kr 2 000,- + evt konsesjonshandsaming

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingstida varierer i forhold til sakstype og -kompleksitet. Sakshandsamingsfrist i samsvar med plan- og bygningslova § 21-7 er 12 veker. Sakshandsamingsfristen gjeld frå saka er komplett.

Arealoverføringa krev at det vert gitt løyve til frådeling etter både jordlov og plan- og bygningslov. Når søknadane er tilstrekkeleg opplyst vil byggesaksavdelinga senda søknadane over til landbruksavdelinga for jordlovshandsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Gjennomført møte vart halde for å avklara søknaden sitt omfang. Kommunen har i etterkant av møtet gjennomgått dokumentert nabovarsling og planstatus. Endeleg gjennomgang av søknaden vil skje når saka er komplett.

Oversending av tilleggsdokumentasjon

Vi ber om at all post til kommunen vert send til postmottak@lindas.kommune.no eller per brevpost til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Dokumentasjon knytt til ulike saker må oversendast kommunen kvar for seg.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arealoverføring frå 247-1 til 247-15

Restareal gbnr 246-15

Arealoverføring frå 247-1 og 246-15 til 247-15

246-15 - naboliste

Kopi til:

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274 A 5994

VIKANES

Mottakarar:

Sjur Kristoffer Dyrkolbotn

Dyrkolbotn 274 A 5994

VIKANES